

**Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga**

Vår dato: 23.10.2017
Vår ref: 2009/1235 - 22264/2017 / 243
Dykkar ref:

Vikahaugane Ishall og spørsmål kring kommunal status

Viser til Dykkar brev datert 11.10.2017, ref. 2017/2653-5, der De bed Stord kommune stadfeste om ein opprettheld søknaden om fylkeskommunalt investeringstilskot til Vikahaugane ishall og ev. om søknaden framleis er gjeldande med kommunal delfinansiering.

Kommunestyret vedtok 12.02.2015 kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Stord fram mot 2025. Skeisehall på Vikahaugane (tak over dagens bane) ligg her som eit uprioritert tiltak i langtidsprogrammet. Det er ikkje sett av investeringsmidlar til prosjektet i økonomiplanen 2017-2020. Prosjektet har heller ikkje blitt handsama politisk i løpet av 2017.

Det vart i april i år halde eit møte med aktørar som arbeider for realisering av skeisehall. Dei skulle arbeide vidare med forslag til prosjektfinansiering og driftskonsept og sende det som innspel til Stord kommune før budsjettprosessen starta. Kommunen har motteke ei skisse med forslag til konsept, kostnadsoverslag, finansieringsplan og omtale av driftsutgifter.

Kommunen har ikkje teke stilling til kommunal delfinansiering. Eg ventar likevel at me vil få eit innspel no i haust og at kommunen vil ta stilling til dette i budsjetthandsaminga.

Med helsing

Gaute Epland
ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift